

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kjerringøy.

Emne: Ting til lækjedem.

Bygdelag: Os.

Oppskr. av: E. Tidemann.

Gard: Stranda.

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ringar.

1. Eg har ikkje kjennskap til at nokon bruka ringar på fingrane til vern mot sjukdomar eller til lækjedem ~~XXXX~~ desse. Alle spørsmål frå 1 til og med 5 kjem inn under dette.

B. Armband.

Eg har kjennskap til eit par tilfelle at individd har bruka armband til middel mot sjukdomar. Det eine tilfelle var ei ung kvinne som gjekk med ein heller tjukk ring av massing rundt handleden. Desse armbanda skulle lækje gikt eller verne mot gikt. Armbandet var ~~XX~~ laga av mas= singstreng ikring 4-5 mm i tvermål. No meinte sume at keppartråd kunne gjera same gagnet.

Eg har ikkje kjennskap til at nokon bruka armband av perler eller brukkar, brikker e. liknande.

c. Hengesmykker.

Slike ting som det her er spurd om har eg ikkje kjennskap til.

D. Belter.

Før ikring 40 år sidan var det i handelen nokre slag belter som skulle kunne gjera åt før alle slag sjukdomar. Sume nemnde dei giktbelter andre elektriske belter. Dei skulle kunne gjera åt før gikt og ryggverk, nakkekrampe og fotsveitte og mykje meir. Desse beltene var laga saman av sink-seller og ledda saman i ein mengde på 20-25 seller. Kvar selle var ikring $2\frac{1}{2}$ Cm X 2 X 0,5 og fyllt med ein masse. Når dei vart fukta med eddik så massen vart våt gjekk det ein elektrisk straum gjennom sellane med positiv pol på eine enden av sellerekkja og ein negativ pol på den andre. Heile sellerekkja vart lagt inn i ein lemme av gummi med ein klaff over. Kor stor spennings-tinga var veit eg ikkje. Frå kvar pol førde ein lednings= tråd (kabel) som enda i ei rund metalskive noko lite større enn dei to-kronene som då var i bruk. Til dei same metalskivene var festa snøre slik at skivene kunne bli bundne fast her eller der på kreppen. Hadde ein endt i armane var det berre å feste ei metalskive om kvar kandledd, spenne "styrkebelt" om midje og sette straumen på så var vedk. god augenblickelich. Straumen gjekk då opp eine foten og jaga vondskapen ner ~~XXXX~~ gjennom og ut av den andre. Sat vondskapen i ryggsen var det å spenne eine plata på ryggen og andre på magen så gjekk strau= men tvers i gjennom og god skulle ein verta. Særleg god

skulle desse beltene vera før dei som "led under" ^{følgene av} den sørgelige ungdomsfervildelse såsem ufrivillig sættab, manglende evne til ~~XXXXXX~~ ereksjon og impotens m.m.m." Omsetninga skulle vera god og fabrikantane i Osle levde ei tid storveges godt og flott - til humbuken vart avslørd.

Noko serskild tru på eddikken har eg ikkje kjennskap til.

E. Øyreringar.

Eg har ikkje kjennskap til at menn har bære ringar i øyre.

F. Ymse andre ting.

Dei under denne belk nemnde ting har eg ikkje kjennskap til. I det store og heile trur eg ikkje folket her opp over Nordland har stor tru på amulettar og liknande. Her har nok vere øvtru her som andre stader, men den har gått i andre retningar, først og fremst til sjøen så til fjell skog og mark.

Kjerringøy i mars 1954.

E. Tidemann